

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Line Margrethe Johansen frå Deloitte presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen av tilskotsforvaltning innan kulturområdet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Presentasjonen vart delt ut på papir i møtet.

Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere rapporten på fylkestinget i juni 2014. Det er ønskjeleg at saka vert handsama på dag 1 av tingsetet, den 11.6.14.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.
2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til rådvælde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.
3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilskot er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
 - Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
 - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngjeve, og at grunngjeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.
 - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
 - Sikrar at det blir tatt kontakt med søkjar dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.
4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.
5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.
6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.
7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.
8. Laga ein handlingsplan innan 1.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.